



Tore Atle Haukedal  
Torvli 9  
5122 MORVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2282 - 16/29612

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
26.10.2016

## Klage på gebyr vert tatt til følge - gbnr 124/5 Kjeilegavlen

**Administrativt vedtak. Saknr: 514/16**

### Saksutgreiing

Lindås kommune mottok 03.10.2016 klage på gebyr på kr 6 700,- knytt til handsaming av søknad om løyve datert 03.06.2016, som gjeld etablering av vassleidning til gbnr 124/5.

Eigar skriv mellom anna:

*«Ut i frå saksgang og opplysninger gitt kommunen undreveis og i dette brevet, ønsker jeg med dette å bestride kommunens krav om avgift for tilkobling til vann av følgjende grunner;*

- 1. De fire andre hyttene og de to fastboende som tidlegere har koblet seg på anlegget har ikkje mottatt tilsvarende krav om avgift fra Lindås kommune. Dette vil da føre til vesentlig forskjellsbehandling.*
- 2. Da det på slutten av 1970-tallet ble søkt om tilbygg på hytten, ble det ikkje godkjent å legge inn vann på grunn av mangel på tillatelse for utslipp. Utslippstillatelsen er nå i orden, og jeg kan ikke se at det da skal betales avgift for tilkobling av vann når avgift for utslippstillatelse (som jo var ankepunktet) er innbetalt i størrelse ca kr 18 000,-*

*Jeg håper med dette brevet å skape en forståelse for saksgang frå 1970-tallet og brev til i dag hva hytten i Lindås kommune og vann/utslipp angår. At vesentlig forskjellsbehandling mellom identiske saker og min sak ikke uten vidare kan aksepteres hva gjelder avgift for tilkobling, håper jeg også er forståelig.»*

### Vurdering

Gebyret det er klaga på er gebyr for sakshandsaming av søknad om løyve til etablering av vassleidning frå etablert utvendig vasspost og inn i fritidsbustaden på gbnr 124/5, jf administrativt vedtak av 03.06.2016. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf § 20-3.



I samsvar med gjeldande gebyrregulativ, punkt 4.1, skal den som får utført tenester etter dette regulativet, betala gebyr i samsvar med satsane og føresegnene i regulativet. Handsaminga av saka er gebyrlagt, i samsvar med punkt 10.2.7 i regulativet, med kr 6 700,-.

Kommunen mottok 21.05.2015 søknad om utsleppsløyve og søknad om løyve til etablering av vass- og avlaupsanlegg på eigedomen. Det vart i vedtak datert 08.01.2016 gitt utsleppsløyve og i vedtak datert 22.01.2016 gitt dispensasjon og løyve til etablering av avlaupsanlegg etter reglane i plan- og bygningslova. Kommunen tok ved handsaminga av byggjeløyve ikkje stilling til søknaden om å etablere vassleidning frå tidlegare etablert utvendig vasspost på eigedomen og inn i bygget. Grunngevinga for vedtaket var at kommunen ikkje ville godkjenna ytterlegare tilkoplingar til den private vassleidningen eller endringar i eksisterande løyve til påkopling til dette anlegget før tilhøve rundt etablering av den private vassleidningen var avklart. Det vart orientert om at ny søknad måtte sendast kommunen når dette var avklart.

Kommunen tok likevel saka opp til handsaming ut frå dei opplysningane som låg i opphavleg søknad av 21.05.2015, då dei formelle krava knytt til den private avlaupsleidningen var dokumenterte, jf vedtak datert 03.06.2016. Delar av søknaden, som omhandla etablering av ny kum med tilrettelegging for framtidig tilkopling for ytterlegare eigedomar, vart avslått. Gebyr vart fakturert i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Klagen på gebyret er mottatt lenge etter at klagefristen er ute. Kommunen har i dette tilfelle likevel vald å ta klagen til handsaming på grunn av historikken i saka.

Kommunen finn etter ei konkret vurdering at vi i dette tilfelle vil fråfalla kravet om gebyr for vedtaket fatta 03.06.2016. Det er lagt til grunn for avgjerda at søknaden vart handsama ut frå opplysningane som vart gitt i den opphavlege søknaden av 21.05.2015 og at tiltaket ikkje hadde generert krav om ytterlegare gebyr for vassleidningen dersom heile det omsøkte tiltaket hadde vorte handsama under eitt.

Kommunen har ikkje gått inn i andre enkeltsaker i området ved handsaming av klagen, då ein finn å fråfalla kravet om gebyr slik det er grunnlagt.

## **VEDTAK**

**Kommunen tek klagen på gebyr til følgje. Utsend faktura på sakshandsamingsgebyr knytt til vedtak datert 03.06.2016, på kr 6 700,-, vert kreditert.**

**Grunngevinga for vedtaket går fram av vurderinga over.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket  
vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Tore Atle Haukedal

Torvli 9

5122

MORVIK